



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 28.11.2013
Vår ref.: 2013/10732
Arkivnr.: 008

Arbeidsdepartementet

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høring - utkast til endring i forskrift om sosiale tenester til personer utan fast bustad i Norge

Fylkesmannen viser til høyringsbrev datert 11.10.13

Arbeidsdepartementet foreslår å påleggje Nav-kontora å innhente oppdatert opphaldsstatus frå utlendingsmyndigheita, dersom det er tvil om framlagt dokumentasjon er korrekt.

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje innvendingar mot forslaget, men meiner det viktigaste er at Nav-kontora har *rett* til å innhente oppdatert informasjon frå utlendingsmyndigheita, dersom dei er i tvil om framlagt dokumentasjon er korrekt. Slik regelverket no blir tolka har dei rett til dette, jf. rundskriv frå Arbeids- og velferdsdirektoratet Hovednr. 35. Dette vil føre til at færre avgjersler blir fatta på feil grunnlag. Det kan derfor stillast spørsmål ved om det er nødvendig å *påleggje* Nav-kontora å innhente oppdatert informasjon.

Med helsing

Pål Iden
avdelingsdirektør

Torunn Salte
seniorrådgjevar/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Torunn Salte
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 73
E-post: fmrotsa@fylkesmannen.no

Kopi til:
Alle fylkesmannsembeta